

## Til årsmøte i Aurland Jakt og Fiskelag 22.03.23

Styret og småbåtutvalet i Aurland Jakt og fiskelag ber årsmøtet gjere eit prinsippvedtak om at det frå 01.01.2024 skal innførast og gjerast gjeldande ein leigeavtale mellom utleigar av båtplass og leigar av båtplass.

Nedanfor finn ein utkast til avtale, som blir eit høyringsutkast i prosessen.

Bakgrunn for at ein ynskjer leigeforholdet formalisert gjennom ein avtale er at ein truleg oppnår eit meir forpliktande samarbeid frå begge partar, at det bli meir føreseieleg for begge partar korleis organisering og administrering av hamna skal gjennomførast. Avtalen vil også innehalde tidlegare ordensreglar og nye moment som ein synest er viktig å ha med som rettesnor på kva ein kan gjere og kva ein ikkje kan gjere i hamna og korleis prosessar skal gjennomførast.

I avtalen vil det gå fram om tildeling og oppseiing av leigetilhøvet samt når leiga og bruk av straum vil bli fakturert. Ventelister og prosess for tildeling, og kva informasjon som skal gjevast til utleigar ved tildeling eller i etterkant.

Det har teke tid å utforme avtaleutkastet, og ein ser seg ikkje heilt ferdig med prosessen og av den grunn ber ein om at det vert gjort eit prinsippvedtak i saka.

Forslag til vedtak:

1. Årsmøtet vedtek at det per 01.01.2024 skal innførast eit avtalebasert leigesystem for båtplassar i Onstad småbåtham.
2. Styret og småbåtutvalet i Aurland Jakt og Fiskelag får fullmakt til å gjennomføre naudsynte prosessar for å få systemet etablert innan fastsett frist.
3. Årsmøtet føreset at alle relevante moment som er aktuelle for ei tilfredsstillande organisering, administrering, drift og orden i småbåthamna vert ein del av avtalen.
4. Avtaleutkastet som ligg ved er å sjå på som eit forslag til avtale, men som kan endrast ved behov.
5. Årsmøtet ber om at vedlagd utkast vert sendt til alle som leiger/har båtplass i hamna med høve til å kome med skriftlege merknadar innan frist som styret og småbåtutvalet vedtek etter fullmakt.

### AVTALE

### OM LEIGE AV BÅTPLASS I AURLAND SMÅBÅTHAMN

### MELLOM

### AURLAND JAKT OG FISKELAG – SMÅBÅTUTVALET

(heretter i avtalen nemd som Utleigar)

### OG

## Namn

( heretter i avtalen nemnd som leigar)

### Bakgrunn for Aurland jakt og fiskelag si disponering av småbåthamna på Onstad

01. Aurland Jakt og Fiskelag har gjennom vedtak i Aurland formannskap 28.april 1980 i sak 125/80 fått disposisjonsretten til småbåthamna på Ohnstad, med dette føl av same vedtaket retten og plikta til å administrere og vedlikehalde småbåthamna. Herunder også utarbeiding av ordensreglar.
02. Aurland Jakt og Fiskelag har i tillegg til vedtaket frå Aurland kommune også avtale dagsett 16. juni 1980 med eigarane av gnr 30 bnr 1, 3 , 4 og 5

### Organisering i hamna

1. **Utleigar** har organisert hamna med båtplassar av tre storleikar, liten, mellom og stor båtplass. I avtalen som vert gjort mellom utleigar og leigar vil det stå kva type plass avtalen gjeld.
  - 1) **Liten plass er definert til å vere:**
  - 2) **Mellomstor plass er definert til å vere:**
  - 3) **Stor plass er definert til å vere:**
2. **Utleigar** tek i denne kontrakten utgangspunktet i leigar sin noverande storleik på båtplassen. Det vil sei at dersom leigar skaffar seg anna båt som er større eller mindre gjev ikkje dette automatisk rett til anna båtplass i hamna, men må registrere seg på venteliste i tråd med gjeldande praksis.
3. **Utleigar** skal i tråd med vedtak i Aurland formannskap administrere og vedlikehalde småbåthamna slik at den framstår som ein trygg og sikker plass både for båt og eigar. Den enkelte leigar har eit medansvar for dette.
4. **Utleigar** vil så langt som råd kommunisere skriftleg med leigarar og søkarar som står på ventelista. Dette for at begge partar skal vere kjend med, ha dokumentasjon og oversikt over tilhøve som den enkelte bør kjenne til.
5. **Utleigar** og leigar stadfestar med sin signatur på avtalen at begge er kjende med avtalen sitt punktvis innhald og eventuelle sanksjonar dersom avtalen sine enkelte punkt ikkje vert følgde.
6. **Utleigar** kan i tillegg til denne avtalen eventuelt vidareføre gjeldande ordensreglar for hamna, eller etablere nye. Brot på eventuelle ordensreglar vil kunne bli sanksjonert på same måte som brot på denne avtalen.

### Søknad om og tildeling av båtplass

1. **Utleigar** er det organet som søknad om båtplass skal sendast til, ved leiar i utvalet. Søknaden skal vera skriftleg i form av e post og opplyse om type båtplass det vert søkt om og vidare innehalde namn, fødselsdato, fullstendig adresse, mobiltelefonnr. og e-postadresse. I tillegg opplysningar om sjølvve båten som type båt, lengd, breidd, type motor og drivstoff dersom søker har båt som skal ha plass. Dersom søker ikkje har båt skal opplysningane ettersendast. Leigar har plikt til å halde utleigar oppdatert på etterspurd informasjon.

2. **Utleigar** vil **kun** tildele båt plass til søkarar som er folkeregistrert og har bustadadresse i Aurland kommune.
3. **Utleigar** vil dersom det er ledig slik båt plass det er søkt om, tildele plass. Dersom det ikkje er ledige plass vil søknaden bli registrert på venteliste den datoen søknaden er motteken. Når tildeling skjer vert ikkje båt plassen stilt til disposisjon før **leigavtalen er signert, og dokumentasjon av ansvarsforsikring ligg føre** .
4. **Utleigar** tildelar omsøkt båt plass til leigar, og med 14 dagar frist for leigar til å signere leigeavtale og levere dokumentasjon på ansvarsforsikring for båt som skal ligge i hamna.
5. **Utleigar** tildelar båt plass når det er ledig båt plass i omsøkt storleik, og med bakgrunn i når søknad om båt plass er datoregistrert på venteliste. ( Ansiennitetsprinsippet)
6. Etter tildelingsdato og når melding om dette er sendt til leigar har leigar 1 – eitt år frå og med tildelingsdato til å ta båt plassen i bruk med slik båt båt plassen tiltenk. Dersom båt plassen ikkje er teken i bruk vil tildelinga etter 1 år bli trekt tilbake.

#### **Utleigar og leigar sin rettar og plikter**

1. **Utleigar** har rett til å flytte båtar for kortare periodar dersom det skulle vere naudsynt for å utføre vedlikehald i båthamna. Leigar skal kontaktast 2 veke før flytting kan skje.
2. **Utleigar** krev av leigar at leigar sin båt til ei kvar tid skal ha forvarleg fortøyning, og vidare vere i ein teknisk stand som ikkje medfører risiko for hendingar ein ikkje ynskjer. Leigar pliktar og til ei kvar tid syte for at båten er tilnærma tom for vatn.
3. **Utleigar** krev av leigar at leigar har jamnleg tilsyn med båten og fortøyning minimum 1 gong per veke , og i periodar med dårelg vær som haust, vinter og vår oftare. Kan ikkje leigar utføre dette sjølv må ein få andre til å gjennomføre tilsynet.
4. **Utleigar** krev av leigar at denne tek omsyn til andre leigarar og båtar i hamna og vidar ikkje lagar unødig støy og bråk eller forsøplar hamna hverken på land eller i sjø.
5. **Utleigar** vil ikkje tolerere eller akseptere noko form for sjølvtekt av leigar som utviding av eigen båt plass ved å flytte fortøyningsbom eller utriggar. Det same gjeld bruk av straum utan avtale med utleigar.
6. **Utleigar** har etter avtalen førsteretten til å disponere båt plassen når leigar ikkje nyttar båt plassen sjølv.
7. **Utleigar** krev at klager og merknadar som vedkjem tilhøva i småbåthamna skal sendast skriftleg til småbåtutvalet ved leiar.
8. **Utleigar** tillet at båt plass kan overdragast til ektefelle/ sambuar eller personar i rett opp eller nedstigende linje så langt ut som til barnebarn.

#### **Framleige av, låne bort eller «utvide» båt plass**

1. **Utleigar** tillet ikkje at leigar driv framleige eller låner bort båt plassen til andre utan at det er gjort gjennom avtale med utleigar. Utleigar stiller i slike høve dei same krava til den som nyttar båt plassen i leigar sin stad.

2. **Utleigar** tillet ikkje at leigar på eige initiativ byter båt plass med andre leigarar av båt plass i hamna utan at dette er godkjent av utleigar.
3. **Utleigar** viser til punkt 2 under avsnittet **Organisering i hamna** om utgangspunkt for båt plass. Utleigar vil prøve ut eit system der det kan bli akseptert å utvide ein båt plass dersom leigarane av nabobåt plassane er samde om det. Det vil i så fall bety auka pris for båt plassen på den som får utvide, og lågare pris for dei som avgjev plass. Den definerte breidda på båt plassen vert i slike høve delt opp i sektorar som kvar utgjer 1/10 av båt plassbreidda. Leiga vert og berekna på same måte i +/-

### **Lengd på leigeavtale og leigepris**

1. **Utleigar** har fastsett at leigeavtalen gjeld for eitt år om gongen, tidfesta til å vere perioden 01.01.- 31.12 same året.
2. **Utleigar** og leigar er samde om at avtalen i utgangspunktet gjeld for eit nytt år dersom den ikkje vert sagt opp av nokon av partane før 31.12 i avtaleåret. Leige skal betalast for heile året
3. **Utleigar** og leigar kan begge kvar for seg sei likevel sei opp avtalen før 01.07 og 31.12 kvart år. Dersom oppseiinga vert gjort før 01.07 det enkelte år vil avtalen bli avvikla og leige for 2. halvår vert refundert. Dette med mindre det ligg føre andre økonomiske krav mot leigar som ikkje er oppgjord.
4. **Utleigar** har fastsett slik årleg leige som utgangspunkt for avtalen, men med årleg regulering av leiga i tråd med punkt 6  
Leiga vert fakturert kvart år per 01.01 og med 14 dagar frist for betaling. Manglande innbetaling av leige vil bli handsama i tråd med punkt 8 i avtalen - **Reaksjonar på brot på avtalen sine punkt**
5. **Utleigar** vil som hovudregel regulere leiga årleg gjennom vedtak om årleige på årsmøtet til Aurland Jakt og Fiskelag.
6. **Utleigar** tek likevel atterhald om å regulere på anna måte, dersom utleigar finn det naudsynt i periodar med store investeringar og eller vedlikehaldskostnadar.

### **Reaksjonar og handsaming av brot på denne avtalen sine punkt vil skje løpande av Aurland Jakt og Fiskelag - Småbåtutvalet**

1. **Skriftleg advarsel med visning til avtalepunkt/a som utleigar meiner er brotne og frist for å rette tilhøvet, og skriftleg tilbakemelding innan fristen.**
2. **Dersom tilhøvet ikkje vert retta innan fristen, nytt varsel med kortare frist, og varsel om mogeleg tap av båt plass.**
3. **Dersom tilhøvet framleis ikkje er retta etter to føregående varsel vert leigeavtalen oppsagd av Aurland Jakt og Fiskelag – småbåtutvalet, og med krav om at båt vert fjerna. Dersom båten ikkje vert fjerna innan 14 dagar av eigar sjølv, kan båten verta fjerna av Aurland Jakt og Fiskelag - småbåtutvalet på eigar si rekning.**
4. **Som ein konsekvens av ein slik prosess må leigar dersom han på ny ynskjer båt plass i Onstad småbåtham melde si interesse om å bli ført opp på venteliste for båt plass.**

### **Usemje og tolking av avtalen**

- 1. Dersom leigar er usamd i Småbåtutvalet si avgjerd som reaksjon på brot av avtalen sine punkt har leigar rett til å klage på avgjerda. Klagen skal då sendast til Småbåtutvalet for ny handsaming av saka. Dersom Småbåtutvalet opprettheld vedtaket sitt vert saka sendt over til styret i Aurland Jakt og Fiskelag for handsaming .**
- 2. Den same retten har leigar vedrørande tolking av avtalen sine punkt og handsaming av saka vert som i punkt 1.**